

Europarådet
F-67075 STRASBOURG

Vår ref.	Dato
2001/2911 KU/KU2 ckn	18.04.2005

Europeisk pakt om regions- eller minoritetsspråk

Tredje rapport

Noreg

April 2005

Innhald

Innleiing

1. Innleiande merknader
2. Konstitusjonell og administrativ struktur
3. Økonomi
4. Demografi
5. Samisk språk
6. Kvensk/finsk språk
7. Romanes
8. Romani

Del I

1. Iverksetjingstiltak
2. Foreiningar og organisasjonar som arbeider for å verne eller fremme utviklinga av regions- eller minoritetsspråk
3. Førebuing av den tredje rapporten
4. Tiltak for å spreie informasjon om rettar og pliktar som følgjer av iverksetjing av pakta i norsk lovgiving
5. Tiltak for å gjennomføre tilrådingane frå ministerkomitéen og kommentarar til observasjonane frå ekspertkomitéen

Del II

1. Artikkel 7
2. Artikkel 7 punkt 1 underpunkt a
3. Artikkel 7 punkt 1 underpunkt d
4. Artikkel 7 punkt 1 underpunkt f, g, h
5. Artikkel 7 punkt 3

Del III

1. Artikkel 8
2. Artikkel 9
- 2.1 Artikkel 9 punkt 1 underpunkt a. og b
- 2.2 Artikkel 9 punkt 3
3. Artikkel 10
- 3.1 Artikkel 10 punkt 1 underpunkt a

- 3.2 Artikkel 10 punkt 1 underpunkt b. og c
- 3.3 Artikkel 10 punkt 2 underpunkt a. og b
- 3.4 Artikkel 10 punkt 2 underpunkt c. og d
- 3.5 Artikkel 10 punkt 2 underpunkt e. og f
- 3.6 Artikkel 10 punkt 3 underpunkt b
- 3.7 Artikkel 10 punkt 4 underpunkt a
- 3.8 Artikkel 10 punkt 5
- 4. Artikkel 11
 - 4.1 Artikkel 11 punkt 1 underpunkt a
 - 4.2 Artikkel 11 punkt 1 underpunkt b
 - 4.3 Artikkel 11 punkt 1 underpunkt c
 - 4.4 Artikkel 11 punkt 1 underpunkt e
 - 4.5 Artikkel 11 punkt 1 underpunkt f
 - 4.6 Artikkel 11 punkt 2
- 5. Artikkel 12
- 6. Artikkel 13

Innleiing

1. Innleiande merknader

Denne tredje periodiske rapporten omtaler kva som er gjort i Noreg for å gjennomføre anbefalingane i Den europeiske pakta for regions- eller minoritetsspråk. I Noreg er følgjande språk godkjende som regionale språk eller minoritetsspråk, og såleis allereie sikra vern i samsvar med minoritetsspråkpakta: dei samiske språka, kvensk/finsk språk, samt romanes og romani.

Når det gjeld nærare avklaring av statusen for kvensk språk, viser ein til del I, punkt 5 under.

2. Konstitusjonell og administrativ struktur

Teksten i dette avsnittet er i stor grad identisk med tilsvarende tekst i dei to tidlegare periodiske rapportane. Ein del informasjon er likevel modifisert, og fakta og tal er oppdaterte.

Noreg er eit konstitusjonelt monarki. Stortinget er Noregs nasjonalforsamling.

Eit parlamentarisk styresett inneber at stortingsfleirtalet peikar ut det partiet eller den partikoalisjonen som skal ha regjeringsmakt. Noregs noverande regjering er ein koalisjon under leiing av Kjell Magne Bondevik¹. Det er hans andre periode som statsminister. Denne regjeringa blei utnemnt av Kong Harald V i statsråd 19. oktober 2001. Det er ei minoritetsregjering utgått frå Kristeleg Folkeparti, Høgre og Venstre. Den noverande regjeringa har til saman 19 medlemmer, statsministeren og 18 ministrar som leiar 17 departement.

Neste stortingsval vil finne stad i september 2005.

Landet er delt inn i 19 fylke og 434² kommunar. Sametinget blei oppretta i 1989 i samsvar med kapittel 2 i samelova. Sametinget sitt mandatområde omfattar alle saker som etter Sametinget si meining vedkjem det samiske folket spesielt. Sametinget kan på eige initiativ ta opp saker eller leggje fram synspunkt som gjeld alle saksområde som fell inn under Sametinget sine ansvarsområde.

3. Økonomi

¹ Etter Stortingsvalet hausten 2005 tok Jens Stoltenberg over som statsminister for ei fleirtalsregjering utgått frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti. O.a.

² Pr. 1. januar 2007 er det 431 kommunar i Noreg. O.a.

I 2005 var Noregs brutto nasjonalprodukt på til saman NOK 1 561 951 mill. Brutto nasjonalinntekt var på til saman NOK 1 571 293 mill.

4. Demografi

Noreg dekkjer eit område på 385 155 kvadratkilometer, inkludert Svalbard-området og Jan Maien, og per 1. januar 2004 var innbyggjartalet 4 577 457. Det har ikkje funne stad pålitelege folketeljningar av den samiske befolkninga i nokon av dei nordiske landa. På bakgrunn av dei kriteria som blei lagde til grunn i den norske samelova, er den samiske befolkninga rekna å telje ein stad mellom 50 000 og 100 000 personar. Fleirtalet, det vil seie minst 70 prosent av desse, bur i Noreg. I 2005 var omtrent 10 000 personar registrerte i den samiske vallista.

Det finst i Noreg ikkje noko eintydig stipulert tal over innbyggjarar med etnisk minoritetsbakgrunn. Grunnen til dette er at det ikkje eksisterer statistikk over etnisk tilknytning. I følgje estimerte tal skal det i dag vere omtrent 10 000 - 15 000 kvener, 1 500 - 2 000 jødar, nokre få hundre skogfinnar, 2 000 - 3 000 romani (reisande/taterar) og 300 - 400 som tilhøyrrer rom (sigøynarar). Det må påpeikast at desse tala er relativt unøyaktige, ettersom dei reflekterer talet på personar i befolkninga som sjølve hevdar at dei tilhøyrrer den aktuelle minoritetsgruppa, og altså ikkje nødvendigvis dei som snakkar språket flytande.

5. Det samiske språket

Noreg har to offisielle språk, norsk og samisk. Norsk er det språket som blir snakka av fleirtalet av befolkninga, mens samisk er språket til det opphavlege samiske urfolket. Samisk språk er godteke som eit regionalt språk, og er såleis sikra vern etter del II og del III i Minoritetsspråkpakta. Det samiske språket i Noreg omfattar fire hovudspråk, nordsamisk, sørsamisk, lulesamisk og austsamisk, med varierende grad av samanfall seg i mellom. Fleirtalet i den samiske befolkninga snakkar nordsamisk.

Det samiske folket er ei nord-europeisk etnisk minoritetsgruppe og den opphavlege befolkninga på dei store opne områda i Nord-Noreg, Nord-Sverige og Nord-Finland, samt på Kolahalvøya i Russland. Det blir estimert at omtrent 25 000 av innbyggjarane i Noreg snakkar samiske språk, jamfør ei undersøking av språkbruk som blei utført av Samisk Språkråd i oktober 2000. I følgje denne fant ein at 17 prosent av respondentane hevda at dei var samisktalande, noko som i denne samanhengen blei definert som det å vere i stand til å forstå samisk bra nok til å ta del i ein samtale som blir ført på samisk.

Det er vist til vedlagd rapport om språkbruk, som blei utført på oppdrag av Sametinget og offentleggjort i 2004: "*Rapport om bruk av samisk språk*", Vedlegg 1.

6. Kvensk/finsk språk

Kvensk/finsk språk er godkjend som eit minoritetsspråk i Noreg, og er såleis sikra vern i samsvar med del II i Minoritetsspråkpakta.

Kvenane si innvandring og bureising i Noreg er ein del av den omfattande koloniseringshistoria til dei finske bøndene, som nærmast førte til ei masseflukt frå dei eldre jordbrukssamfunna i Finland og i Nord-Sverige. Utvandringa fortsette over fleire hundre år, frå det 16. hundreåret og fram til første halvdel av det 19. hundreåret. Seinare på 1800-talet følgde i sterkare grad moderne arbeidsinnvandring.

Kvensk/finsk språk blir brukt i Troms og Finnmark, dei to nordlegaste fylka i Noreg. Det blir rekna å vere ein stad mellom 2 000 og 8 000 innbyggjarar som bruker kvensk/finsk, alt avhengig av kva for nokre metodar og kriterier som blir lagde til grunn.

7. Romanes

I Noreg er romaner godkjend som eit ikkje-territorielt minoritetsspråk, og sikra vern i samsvar med del II i Minoritetsspråkpakta.

Romanes er språket til rom, sigøynarminoriteten i Noreg. Omlag 400 personar med sigøynarbakgrunn har budd i Noreg dei siste tiåra, hovudsakleg i Oslo-området. Ein reknar at dei alle har romaner som morsmål. I løpet av dei siste ti åra har det komme enkeltpersonar med romaner bakgrunn til Noreg som flyktingar frå Bosnia og Kosovo. Sidan det i Noreg ikkje finst statistikkar over språkleg eller etnisk tilhøyring (med unntak av den samiske vallista), vil det eksakte talet på personar som tilhøyrrer denne folkegruppa vanskeleg kunne stadfestast.

8. Romani

I Noreg er romani godkjend som eit ikkje-territorielt minoritetsspråk, og sikra vern i samsvar med del II i Minoritetsspråkpakta.

Romani er språket til romanifolket (reisande/taterar). Denne minoritetsgruppa har budd i Noreg i fleire hundre år. Talet på innbyggjarar som snakkar romani er rekna å vere ein stad mellom nokre få hundre til nokre tusen.

Del I

1. Iverksetjande lovgiving

- Paragraf 110 i Noregs grunnlov.
- Lov av 18. mai 1990 nr.11 om stadnamn, samt forskrifter av 5. juli 1991 nr. 456, vedtekne i samsvar med del 12 i lova.
- Lov av 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (samelova). Kapittel 3 om samisk språk, samt forskrifter av 30. januar 1992 nr. 79 vedrørende språkbruk i samelova, vedtekne i samsvar med del 3-2, 3-3, 3-7, 3-10 og 3-12 i lova, og forskrifter av 31. mars 1992 nr. 204, vedtekne i samsvar med del 3-8 i samelova.
- Lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), samt forskrifter av 28. juni 1999 nr. 722, vedtekne i samsvar med del 2-7, 6-2 og 6-3 i lova.

Opptrykk av desse lovene var vedlagde Noreg sin andre rapport til Europarådet. Enkelte endringar har blitt gjort når det gjeld kapitlet om språk i samelova, samt når det gjeld stadnamn i stadnamnlova. Ein meir detaljert oversikt vil følgje i punkt 5 og i del II punkt 2 d under.

2. Foreiningar eller organisasjonar som arbeider for vern og utvikling av regionale språk eller minoritetsspråk

Etter at den andre periodiske rapporten blei publisert har det funne stad enkelte adresseendringar i lista nedanfor over foreiningar og organisasjonar som arbeider for vern og utvikling av regionale språk eller minoritetsspråk i Noreg:

Samisk språk

Sametinget
Språkavdelinga
Bredbuktnesv. 50

N-9520 Guovdageaidnu-Kautokeino
Noreg

Kvensk/finsk språk

Norske Kveners Forbund/Ruiijan Kveeniliitto
Hansjordnesgt. 9
9009 Tromsø

Romanes språk

Den Norske Rom Forening
Boks 1032 Majorstua
Majorstuv. 17
0367 Oslo

Norsk Rom-befolkning
v/Alex Karoli
Josefinesgate 10A
0351 Oslo

International Romani Unions sin representant i Noreg:
Raya Bielenberg
Kjelsåsveien 28 F
0488 Oslo

Romani språk

Foreningen Roma, c/o Anne-Jorunn Merkesvik
Nettaveien 22
4275 Sævelandsvik

Romanifolkets landsorganisasjon
Postboks 80
2436 Våler

Landsorganisasjonen for Romanifolket (LOR)
Vikstølen
4885 Grimstad

Romani Interesseorganisasjon
Knut Avsonsvei 13
0574 Oslo

Nordisk Romanesråd, avdeling Noreg
Postboks 2052
4668 Kristiansand

3. Førebuinga av den tredje periodiske rapporten

Arbeidet med Noregs tredje periodiske rapport har blitt koordinert av Kultur- og kyrkjedepartementet. Rapporten baserer seg på innspel frå andre departement vedrørende deira respektive ansvarsområde. Kultur- og kyrkjedepartementet inviterte i brev av 14. oktober 2004 dei andre departementa, Sametinget, samt representantar frå dei nasjonale minoritetsgruppene til å komme med merknader og synspunkt når det gjaldt den aktuelle situasjonen for dei ulike minoritetsspråka. Dette inngjekk som ledd i førebuinga til rapporten.

Representantane frå dei nasjonale minoritetsgruppene fekk i eit møte som fann stad 16. desember 2004, orientering om korleis prosessen rundt arbeidet med Noregs tredje rapport til Europarådet skulle gå føre seg. Kultur- og kyrkjedepartementet sendte også eit brev den 4. februar 2005 til representantane for rom og romanifolket, der dei blei oppfordra om å komme med merknader når det gjaldt den aktuelle situasjonen for sine respektive språk. Dei norske styresmaktene ventar framleis på svar frå representantane for dei to språka vedrørende dette spørsmålet³. Kultur- og kyrkjedepartementet vil likevel halde fram med å ta adekvate initiativ for å følgje opp saka i forhold til dei respektive minoritetsgruppene.

Rapporten frå ekspertkomiteen er, i brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 23. januar 2004, sendt til Sametinget og til representantane for dei nasjonale minoritetsgruppene, saman med kommentarane frå norske styresmakter til dei rekommendasjonar og observasjonar som ekspertkomiteen hadde gjort framlegg om. Dei relevante dokumenta har også blitt offentleggjorde på regjeringa sin internettportal, ODIN, på følgjande adresse⁴:

[http://www.dep.no/Kultur- og kyrkjedepartementet/norsk/samarbeid/europeisk/europa_kultur/043031-990110/dok-bn.html](http://www.dep.no/Kultur-og-kyrkjedepartementet/norsk/samarbeid/europeisk/europa_kultur/043031-990110/dok-bn.html)

³ Status på det tidspunkt rapporten blei overlevert. O.a.

⁴⁺⁵ Namnet på nettportalen er endra til "www.regjeringen.no". O.a.

4. Tiltak for å spreie informasjon om rettar og plikter som følgjer av iverksetjing av pakta i norsk lovgiving.

Det blir vist til den informasjon som er gitt i Noreg sin andre rapport til Europarådet. Av denne går det fram kva tiltak som er gjennomførte for å gjere dei rettar og plikter som følgjer av iverksetjinga av pakta offentleg kjende.

Den europeiske pakta for regionale språk eller minoritetsspråk har blitt gjort tilgjengeleg både på norsk og engelsk på følgjande internettadresse⁵:

<http://www.dep.no/Kultur-og-kyrkjedepartementet/norsk/tema/kultur/internasjonalt/043031-990071/dok-bn.html>

Kommunal- og regionaldepartementet gir regelmessig ut eit nyheitsbrev om nasjonale minoritetar – ”Nasjonale minoriteter – Informasjon om statlig politikk” - som informerer om regjeringa sin politikk i saker som gjeld nasjonale minoritetsgrupper. I fleire utgåver er det orientert om Den europeiske pakta for regionale språk eller minoritetsspråk. Informasjonsbrevet er også gjort tilgjengeleg på departementa sin offisielle nettstad, ODIN⁶:

<http://www.dep.no/odinarkiv/norsk/dep/krd/2004/annet/016091-990083/dok-bn.html>

Styresmaktene vil ta initiativ til å offentliggjere rapporten i samsvar med artikkel 15, punkt 2 i pakta. Den norske regjeringa erkjenner relevansen av merknaden frå ekspertkomiteen om at styresmaktene burde ta adekvate tiltak for å gjere rapporten tilgjengeleg også på norsk, i tillegg til engelsk. Dei norske styresmaktene vedkjenner seg at det er viktig å gjere rapporten tilgjengeleg på norsk, og vil vurdere kva relevante tiltak som skal takast for å gjennomføre denne oppmodinga frå Europarådet.

5. Tiltak for å gjennomføre tilrådingane frå ministerkomiteen og kommentarar til observasjonane frå ekspertkomiteen

Enkelte av rekommandasjonane til ministerkomiteen er identiske med dei merknadane som ekspertkomiteen kom med i sin rapport. I etterfølgjande tekst er derfor kommentarar knytte opp mot ministerkomiteens rekommandasjonar.

⁶ Namnet på nettportalen er endra til ”www.regjeringen.no”. O.a.

A. Halde fram med å betre dialogen og samarbeidet med representantane for dei ulike regionale språka eller minoritetsspråka

Kommunal- og regionaldepartementet kallar årleg saman til møter mellom nasjonale minoritetsspråkgrupper og sentrale styresmakter for å informere om og drøfte iverksetjinga av språkpakta. Siste møte fann stad 16. desember 2004. Tema for møtet var språk og kultur. Ved dette høvet var også statssekretærene i Kultur- og kyrkjedepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet til stades. Utførlege innlegg om emnet 'språk og kultur' blei framført, etterfølgde av observasjonar og kommentarar frå deltakarane. Kultur- og kyrkjedepartementet held kvart halvår også kontaktmøte med Sametinget om aktuelle saker som vedkjem samiske spørsmål, der språk er eit sentralt tema.

B. Finne ei rask løysing på situasjonen for kvensk/finsk språk og konsultere representantar for kvenene før avgjerda blir teken.

Ministerkomiteen vedtok i november 2001 ein rekommandasjon som oppmoda norske styresmakter om å klargjere statusen for kvensk, enten som ein finsk dialekt eller som eit eige språk. Som ein direkte konsekvens av denne oppfordringa tinga Kommunal- og regionaldepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet ei omfattande utgreiing av dette spørsmålet, utført av Kenneth Hyltenstam, professor ved Universitetet i Stockholm. Dei to departementa fastsette følgjande mandat for utgreiingsoppdraget:

- Utgreiinga skal drøfte spørsmålet om kvensk skal reknast som ein finsk dialekt eller som eit eige språk.
- Rapporten skal kartleggje fellestrekk og/eller forskjellar mellom kvensk og meankieli (det finske språket i Tornedal i Sverige).

Oppdraget var ferdig i oktober 2003, og sluttrapporten overlevert til Kommunal- og regionaldepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet, Vedlegg 2.

Rapporten blei deretter sendt på høyring til dei aktuelle høyringsinstansane med oppfordring om å komme med merknader og synspunkt. Spesielt bad ein om at merksemda skulle rettast mot konklusjonane i kapitla 6 og 7. Høyringsfristen blei sett til 15. juni 2004. Denne prosessen er no avslutta, og Kultur- og kyrkjedepartementet er på noverande tidspunkt i ferd med å samanfatte dei ulike kommentarane og førebu eit grunnlagsdokument om saka som skal føreleggjast regjeringa for vedtak. Norske kveners forbund har lagt fram sitt syn i denne saka i eit brev til Kultur- og kyrkjedepartementet i samband med førebuinga av rapporten, Vedlegg 3.

Regjeringa vil drøfte desse spørsmåla i april 2005. Regjeringas vedtak i saka vil bli formidla til komiteen når det ligg føre, saman med ei oppsummering av dei offisielle synspunkta og konklusjonane når det gjeld status for kvensk. Vidare har det blitt kalla

saman til eit møte 26. april med det formål å informere minoritetsgruppa om regjeringa sitt vedtak i saka. Representantar frå Norske kveners forbund vil vere til stades på møtet, saman med representantar frå Kultur- og kyrkjedepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Kunnskapsdepartementet.

C. Framskritt når det gjeld etablering av Indre Finnmark tingrett som ledd i arbeidet med å leggje til rette for bruk av samisk ved domstolane.

I januar 2004 blei det oppretta ein ny distriktsdomstol i Tana i Indre Finnmark, der fleirtalet av innbyggjarane snakkar samisk eller er tospråklege. Dei tilsette ved Indre Finnmark tingrett, både dommar og rettstenestemenn, snakkar alle flytande samisk. Denne domstolen er den første og einaste tospråklege domstolen i Noreg, og står til teneste for alle innbyggjarane i dei fem kommunane Karasjøk, Kautokeino, Nesseby, Porsanger og Tana. Desse kommunane utgjer saman med Kåfjord det samiskspråklege forvaltningsområdet i Finnmark fylke.

Dei samiske innbyggjarane sin tilgang til domstolar og rettssystem er ei problemstilling som blir drøfta av Justis- og politidepartementet i Stortingsmelding 23 (2000-2001), (Vedlegg 4). I følgje Justis- og politidepartementet har Noreg eit særskilt ansvar for å fremme og verne samisk kultur og samiske interesser, noko som også bør reflekterast i dei samiske innbyggjarane sin tilgang til domstolar og rettssystem.

D. Styrkje innsatsen for å verne og fremme lulesamisk og sørsamisk

Det blir vist til den konkrete merknaden der ekspertkomiteen oppmodar norske styresmakter om å gjennomføre strakstiltak for å styrkje stillinga for lulesamisk og sørsamisk.

Den aktuelle situasjonen for lulesamisk

Det lulesamiske språkområdet i Noreg ligg i Nordland fylke og strekkjer seg frå Saltenfjorden i sør til Ballangen kommune i nord. Hovuddelen av dette området ligg i Nord-Salten-regionen. Tysfjord er den kommunen som har flest lulesamisktalande innbyggjarar. Så lenge det har vore busetnad i denne regionen har det budd samar der. Tradisjonelt fann den samiske busetnaden stad langs kystområda i fjordane. Tysfjord kommune har no søkt om å bli inkludert i forvaltningsområdet for samisk språk. Søknaden er til handsaming i Stortinget, og det vil venteleg komme ei avgjerd i løpet av våren 2005⁷.

Framleis er lulesamisk eit språk som oftare blir snakka heime enn i offentlege samanhengar. Det er relativt sjeldan at ein kan høyre eldre folk snakke samisk seg i

⁷ Tysfjord blei innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk med verknad frå 1. januar 2006. O.a.

mellom når dei møtes på offentlege stadar. Det kan faktisk synast som det i fleire samanhengar fell meir naturleg å snakke samisk for den yngre generasjonen samar. Det sosiale presset på yngre samar om å snakke norsk er på den annan side heller stort. Derfor er det viktig for elevane å ha tilgang til eit sosialt miljø, ikkje berre på skulen, men også heime og i lokalsamfunnet. Fordi lulesamisk ikkje har utvikla særleg mykje nytt ordtilfang, kan det ofte falle lettare for dei yngre å snakke norsk i kommunikasjonen seg i mellom. Overslag tyder på at det er cirka 2000 lulesamisk-talande personar på norsk side av grensa. Rundt 600 av desse bruker språket aktivt.

Det samiske forvaltningsområdet – innlemming av Tysfjord kommune.

I dag dekkjer forvaltningsområdet for samisk språk kommunane Karasjok, Kautokeino, Nesseby, Porsanger, Tana og Kåfjord. Tysfjord kommune er hovudsakleg lulesamisktalende. Sametinget vedtok i 2003 ein resolusjon som oppmoda regjeringa om å fremme forslag til Stortinget om endring av Samelova med omsyn til dei ordningane som gjaldt språksaker, slik at Tysfjord kommune skulle kunne innlemmast i forvaltningsområdet for samisk språk. Regjeringa har lagt fram ein proposisjon om dette.

Når endringane trer i kraft, vil desse innebere at det ikkje lenger er nødvendig med stortingsvedtak for å avgjere kva kommunar som bør innlemmast i det samiskspråklege forvaltningsområdet. I framtida kan slike spørsmål avgjerast ved regjeringsvedtak, jf. Vedlegg 5.

Ei innlemming i forvaltningsområdet for samisk språk vil ha svært mykje å seie når det gjeld utsiktene til å betre tilhøva for lulesamisk språk. Snåsa kommune i det sørsamiske området har også søkt om å bli innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk. Departementet har sett i gang eit arbeid for å følgje opp denne oppmodinga. Dei neste tre avsnitta tek utgangspunkt i Sametinget sine observasjonar når det gjeld situasjonen for lulesamisk språk og kva tiltak som er tekne for å verne og utvikle dette språket.

Førskolar

Mot slutten av 1980-talet blei det oppretta ein privat barnehage på tettstaden Drag. Formålet var å styrkje lulesamisk språk og å gi samiske foreldre høve til å velje undervisning i samisk språk og aktivitetar i eit samisk miljø for sine barn. Det blei også oppretta ein samisk barnehage i Musken hausten 1998, med delfinansiering frå blant andre Samisk språkråd, men denne har sidan blitt stengd. Erfaringane frå samiske barnehagar viser likevel oppmuntrande resultat. Barna blir tospråklege i eit område der samisk språk står i ei svært utsett stilling.

Skolar og utdanning

Sidan tidleg på 1980-talet har skolane i Tysfjord undervist i samisk som andrespråk. Ved skolen på Drag er det no oppretta separate klassar der samisk blir undervist som førstespråk. Ved fleire andre skolar i Nordland fylke blir det gitt undervisning i lulesamisk som andrespråk på ad hoc basis, også til elevar frå andre fylker. Vidare tilbyr den vidaregåande skolen på Hamarøy undervisning i lulesamisk som førstespråk. Mangel på lærarar med kompetanse i lulesamisk språk har gjort at dette ikkje har vore eit fast skoletilbod. Frå og med 1999 har *Árran lulesamisk senter* gitt fjernundervisning i lulesamisk som andrespråk. På vidaregåande trinn blir det no undervist i lulesamisk som førstespråk. Utfordringa for skolevesenet, både i og utanfor Nordland fylke, er å oppretthalde motivasjonen om å betre undervisninga i og på samisk språk for samiske skoleelevar og studentar. Sidan undervisninga i lulesamisk starta rundt 1980-talet og fram til hausten 2002, har det vore ein kraftig auke i talet på elevar som får undervisning i lulesamisk språk i grunnskolen. Også talet på elevar i grunnskolen som har lulesamisk som førstespråk har auka vesentleg sidan 1991, då opplæring i og på lulesamisk som førstespråk starta. Frå skoleåret 2002/2003 til skoleåret 2003/2004 var det likevel ein liten auke, då talet på elevar som fekk undervisning i samisk, gjekk frå 72 til 76 elevar.

Massemedia

Tilgang til dei samiske media hjelper til å stimulere språkbruken i det lulesamiske befolkninga. I 1975 fann dei første lulesamiske radiosendingane stad. Seinare var det radiosendingar på lulesamisk kvar fjortande dag. Frå 1996 blei tilbodet utvida til faste radiosendingar to gonger i veka. Sametinget meiner at radiosendetida på lulesamisk må utvidast ytterlegare. For å klare dette vil det venteleg vere nødvendig å knyte til seg fleire lulesamisktalende journalistar med tanke på å kunne gi lyttarane eit meir variert programtilbod. I lokalavisa "NordSalten" har det vore sporadiske avisartiklar på lulesamisk. Sidan 2003 har avisa hatt faste spalter på lulesamisk.

NRK Samisk Radio, Sametinget og Høgskolen i Bodø har alle oppretta distriktskontor i Tysfjord. Desse institusjonane har ført til etablering av mange arbeidsplassar som set krav til kunnskap om samisk språk, kultur og samfunnsliv. Det lulesamiske språket er blitt meir synleggjort gjennom desse verksemdene. I visse samanhengar blir samisk språk, både skriftleg og munnleg, no brukt oftare enn før. Samtidig er det færre innbyggjarar som snakkar språket. Situasjonen er i dag at lulesamisk språk taper terreng for majoritetsspråket til tross for at lulesamisk blir brukt i undervisninga i barnehagar og skolar. Det er få sosiale settingar der lulesamisk språk blir nytta. Det er heller ikkje ofte at ein høyrer samisk på samiske skoleplassar. For ti år sidan var talet

på lulesamisktalande atskilleg høgre enn i dag. Denne utviklinga er sjølvsagt svært uheldig for bruken av lulesamisk og for språket sine framtidsutsikter.

Situasjonen for det sørsamiske språket

Følgjande avsnitt er eit samandrag av merknadane frå Sametinget når det gjeld situasjonen for det sørsamiske språket og dei tiltak som er gjort for å verne og styrkje dette språket:

Det sørsamiske busetnadsområdet på norsk side av riksgrensa strekkjer seg frå Saltfjellet i nord til Elgå i Hedmark i sør. Sørsamisk er det sørlegaste av dei samiske språka. Busetnaden er spreidd på eit stort geografisk område. I ein situasjon der språket står svakt, har reindrifta blitt den viktigaste kulturberande faktoren. Denne tradisjonen har derfor hatt meir å seie for sørsamane som gruppe, enn den har for resten av befolkninga i dei samiske busetnadsområda. Det er vanskeleg å gi eit eksakt tal på kor mange sørsamisktalande som lever i Noreg, då folketeljinga som fann stad på 1970-talet ikkje omfatta denne folkegruppa. I NOU 1984:18 om "*Samane si rettsstilling*" blir det rekna at det i dag fins i overkant av 2000 sørsamar i Noreg og Sverige, og at desse fordeler seg omtrent likt på begge sider av grensa. Det er også vanskeleg å gi eksakte tal på kor mange som snakkar sørsamisk dagleg. Eit forsiktig anslag er at under halvparten av sørsamane kan språket godt. Den sørsamiske rettskrivingsnorma som blir brukt i dag, blei godkjend av Samisk språknemnd i 1976, og av det tidlegare Kyrkje- og undervisningsdepartementet i Noreg og Skolöverstyrelsen i Sverige i 1978.

Skolar

Innanfor det sørsamiske området fins det to samiske skolar, ein i Hattfjelldal i Nordland og ein i Snåsa i Nord-Trøndelag. Desse to samiske skolane gir eit utvida tilbod til elevar som les sørsamisk i sine heimstadkommunar. Utdanningsdirektøren i Nordland fylke peika ut Brekken oppvekstsenter saman med dei to samiske skolane som ressurscenter for sørsamisk undervisning gjennom prosjektet "*Sørsamisk opplæring ved heimeskolen*". Dette prosjektet blei avslutta i 2004. I 2005/2006 vil Elgå oppvekstsenter i Hedmark starte med eit tilbod om undervisning i sørsamisk språk. Røros og Grong vidaregåande skolar er peika ut til å vere ressurskolar, der det blir gitt tilbod om undervisning i sørsamisk som andrespråk. Desse skolane gir dessutan tilbod om undervisning ved andre skoler i og utanfor det sørsamiske området.

Førskolar

Barnehagar og skolar er utan tvil eit viktig verkemiddel når det gjeld å fremme tospråklegheit. Det er av denne grunn svært viktig at et blir oppretta fleire samiske barnehagar, ettersom dei vil kunne spele ei avgjerande rolle for utvikling av samisk tospråklegheit i områder der samisk står svakt. Sametinget har derfor løyvd midlar til eit femårig språkmotiveringsprosjekt ved Elgå oppvekstsenter. Prosjektet, som blei starta opp hausten 2001, har som målsetjing å skaffe ekstra ressursar slik at ein skal kunne leggje tilhøva til rette for at barnehagebarn tidleg kan få høve til å lære seg sørsamisk. Prosjektet har på kort tid også gitt positive ringverknader for skolen, som held til i same lokale som barnehagen. Sametinget har gitt midlar på ad hoc basis til ei rekkje mindre prosjekt for sørsamiske barn i dei lokale barnehagane. Hausten 2003 har også Snåsa kommune, i samarbeid med Sametinget, etablert eit barnehagetilbod til sørsamiske barn.

Konklusjonar

Slik Sametinget ser det, står det sørsamiske og det lulesamiske språket ovanfor utfordringar som spesielt er knytte til skole- og utdanningsområdet. Omfanget av desse framtidige utfordringane viser tydeleg at det er nødvendig med handlingsorienterte tiltak på fleire plan. Mangelen på lærarar med relevant språkkompetanse, samt den generelle mangelen på praktiske språkkunnskapar i forhold til andre fagområde slik som forskning, media, litteratur, utvikling og utarbeiding av undervisnings- og læremateriell, etc., gjer at det lulesamiske samfunnet stagnerer og forvitrar.

Situasjonen for austsamisk språk

Ekspertkomiteen har også bedt om ei utgreiing vedrørende situasjonen for austsamisk. Sametinget har i denne saka rådført seg med Nordisk samisk språknemnd, som gir følgjande framstilling av situasjonen for det austsamiske språket i Noreg:

I følge Nordisk samisk språknemnd er det berre 2 - 3 eldre personar i Noreg som har austsamisk som morsmål. Dei fleste austsamane bor i Finland og Russland, og språket har sitt utspring i Russland. Dei har eit eige skriftspråk og har også utarbeidd ei ordbok som er utgitt i Finland. Austsamisk kan dermed ikkje definerast som eit levande språk i Noreg.

Del II

1. Artikkel 7 – Målsetjingar og prinsipp

1.2. Artikkel 7, punkt 1 underpunkt a

Litteratur

Norsk kulturråd er det offentlege tilskotsorganet som gir mest økonomisk støtte til utgiving av litteratur i Noreg. Mens tekstbøker til bruk i grunnskole, vidaregåande skole og universitet for det meste blir gitt ut på kommersielle vilkår med lite eller ingenting i offentleg støtte, har norsk litteratur sidan 1960-åra vore ein del av den statlege innkjøpsordninga for samtidslitteratur. Inkludert i denne ordninga er bøker som er skrivne av *alle* forfattarar som bur i landet, uavhengig av språkbakgrunn. Eit manuskript som er skriva på eit minoritetsspråk vil bli omsett til norsk straks det er godkjend for utgiving. Mesteparten av desse bøkene vil få dekt omsetjingskostnadane gjennom tilskot frå Kulturrådet.

Kvensk/finsk språk har inntil nyleg berre vore eit talespråk. Like fullt har ein entusiastisk skolelærer i Nord-Noreg no starta arbeidet med å utvikle ny grammatikk og ortografi i samband med at han skriv på eit firebinds romanverk på kvensk. Dei to første binda fekk støtte både frå Kulturrådet og andre offentlege organ. Kulturrådet har også gitt støtte til utgiving av ei samling med tradisjonelle songar på kvensk, eit julehefte og omsette teikneseriar.

I 2003 gav Kommunal- og regionaldepartementet eit tilskot på 200 000 kr til publisering av den kvenskspråklege romanen *Elämän jatko – Kuosuvaaran takana* av Alf Nilsen-Børsskog. Romanen blei utgitt våren 2004, og er den første boka som nokon gang er utgitt på kvensk.

Så langt har det ikkje komme inn søknadar til den statlege innkjøpsordninga for litteratur utgitt på romani eller romanes.

Også norskspråklege bøker med dokumentarstoff om dei samiske, kvenske eller romanske folkegruppene kan få støtte frå Norsk kulturråd.

Språk og bibliotek

Gjennom det siste tiåret har romanifolket opplevd ei gradvis veksande forståing og aukande aksept i majoritetsbefolkninga for deira spesielle tradisjonar og kultur. Fleire CD-innspelningar med romanispråklege musikarar har blitt lanserte i løpet av dei siste åra. Også andre tiltak har blitt sett i gang med tanke på å revitalisere språket. Det har blant anna med støtte frå Kulturrådet blitt sett i gang ei rekkje prosjekt med sikte på registrering og dokumentasjon.

Kommunal- og regionaldepartementet har motteke fleire søknader om støtte til tiltak for å fremme bruken av romani. I møter med offentlege styresmakter har representantar frå rom og romanifolket og gitt uttrykk for at det er eit stort behov for effektive støttetiltak for språka romanes og romani.

Det nye museet på Elverum, romani-avdelingen ved Glomdalsmuseet – vil bli ein viktig stad med tanke på presentasjon av romani språk og kultur. Romani skal introduserast for publikum både i skriftspråk og tale. Informasjonsplansjar er teksta på romani i tilknytning til utstilte gjenstandar, og gjestene vil også få høve til å lytte til talespråket.

I regi av Norges Forskningsråd er det sett i gang eit treårig forskingsprogram vedrørande det språklege utspringet for romani og romanes. Representantar frå romanifolket deltar i referansegruppa for programmet.

ABM⁸-utvikling gir økonomisk tilskot til Finsk bibliotekteneste. I 2005 utgjorde denne støtta NOK 307 000.

Museum og kulturbygg

To byggjeprojekt om og for nasjonale minoritetar er i ferd med å bli ferdigstilte:

- ei ny avdeling som skal presentere romanifolkets kultur og historie
- eit senter som skal ta vare på kvensk språk og kultur

Begge prosjekta blir finansiert med tilskot frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Det statlege byggherreorganet Statsbygg står ansvarleg for gjennomføringa av prosjekta.

Romaniavdelinga ved Glomdalsmuseet

⁸ ABM står for arkiv, bibliotek og museum

Den nye avdelinga for dokumentasjon og formidling av romanifolkets kultur og historie vil inngå som ein del av Glomdalsmuseet på Elverum. Kostnadsramma er på NOK 51,6 millionar. Formidlinga vil skje gjennom både filmframvising og utstillingar.

Basisutstillinga vil kaste lys over kulturelle særtrekk og romanifolkets historie, her under også romanifolket si samhandling med storsamfunnet og dei overgrep majoritetsbefolkninga har gjort mot denne minoritetsgruppa. Det er lagt opp til at utstillinga skal utvidast etter som ny kunnskap og nye problemstillingar kjem til. I tillegg vil det bli vist tidsavgrensa temautstillingar i tilknytning til aktuelle spørsmål.

Nedanfor følgjer nokre eksempel på prosjekt ved Glomdalsmuseet som har motteke støtte frå ABM-utvikling:

- Romanifolket sin kultur og historie. Utviklingsprosjekt: NOK 30 000 (NMU - tidlegare Norsk Museumsutvikling 2002)
- Dei reisande/taterar – historia om taterane i Noreg. Film/video: NOK 50 000 (NMU - tidlegare Norsk Museumsutvikling 2002)
- Romanifolket sin kultur – innsamling og dokumentasjon. Utviklingsprosjekt: NOK 515 000 (NMU - tidlegare Norsk Museumsutvikling 2002)
- Romanifolket sin kultur – innsamling og dokumentasjon. Utviklingsprosjekt: NOK 500 000 (NMU - tidlegare Norsk Museumsutvikling 2002)

ABM-utvikling⁹ har også gitt støtte til følgjande prosjekt:

- Karmsund folkemuseum : Romanifolket – innsamling og dokumentasjon. Utviklingsprosjekt: NOK 150 000 (2005)
- Telemarkmuseet: Sentrale romaniverdiar – dokumentasjon og vandreutstilling. Utviklingsprosjekt: NOK 30 000 (2005)
- Romanifolket i Telemark – historieformidling. Utviklingsprosjekt: NOK 40 000 (2004)

⁹ Arkiv, bibliotek og museumsutvikling (ABM-u)

Kvæntunet – eit senter for kvensk språk og kultur

Kvæntunet er eit nytt senter for kvensk språk og kultur i Porsanger kommune. Sentret skal arbeide for dokumentasjon, styrking og revitalisering av kvensk språk og kultur. Den nye administrasjonsbygningen, som no er under oppføring, vil også innehalde ein utstillingssal. Prosjektet har ei tilskotsramme på NOK 12 mill. Bygningen vil stå ferdig i 2005.¹⁰

ABM-utvikling har også gitt tilskot til ulike museum, og har blant anna støtta følgjande prosjekt med relevans for kvensk kultur:

- Tromsø museum - Kulturlandskapet etter møtet mellom tre stammer i Varanger. Utviklingsprosjekt: NOK 95 000 (2005) – gjeld også den samiske folkegruppa.
- Prosjekt vedrørende tverrfagleg innsamling av dokumentasjon og formidling.
- Vadsø museum - Ruija kvenmuseum. Mottok støtte til eit film-/videoprojekt “Jos voisin lentää”: NOK 100 000 (NMU 2002).

Árran Lulesamisk senter

Árran lulesamisk senter har ved hjelp av delfinansiering frå Kommunal- og regionaldepartementet fullført utbygging av byggetrinn II. Sentret huser bl.a. lulesamisk språk- og studiesenter, som er eit samarbeids- og koordineringsorgan mellom Høgskolen i Bodø, Samisk Høgskole, Universitetet i Tromsø, Hamarøy vidaregåande skole, Tysfjord kommune og Árran-sentret. Árran-sentret har fleire studietilbod på grunnskole- og universitetsnivå, og driv fjernundervisning i samisk.

Árran lulesamisk senter har motteke støtte til fleire prosjekt:

- Reindrift i Nordland. Seminar: NOK 50 000 (2004)
- Samisk nomenklatur. Utviklingsprosjekt: NOK 75 000 (NMU 2002).

¹⁰ Den nye administrasjonsbygningen er no ferdigstilt og teken i bruk. *Kvæntunet – senter for kvensk språk og kultur* blei i desember 2005 organisert som ein stiftelse og endra då namn til *Kainun institutti – Kvensk institutt*. O.a.

Endringar i lov om stadnamn

Formålet med forslaget om å endre forskrifta til den norske lova om stadnamn er å sikre privatpersonar og lokalsamfunn retten til å bli høyrde i prosessar som gjeld vedtak om skrivemåte av stadnamn. Samtidig skal det også takast omsyn til lingvistiske vurderingar når det gjeld skrivemåten til dei aktuelle namna.

Endringslova inneheld ein ny formålsparagraf som spesielt gjeld minoritetane sine rettar. Av denne går det klart fram at lova spesielt skal ta omsyn til vern av samiske og kvenske stadnamn, i samsvar med nasjonal lovgiving, internasjonale avtalar og konvensjonar. Vidare vil endringane også innebere vedtak om at stadnamn som er vedtekne i samsvar med lovgivinga, skal brukast i offentleg samanheng.

Stadnamn er ein viktig del av den immaterielle norske kulturarven. Det er derfor viktig frå eit kulturpolitisk synspunkt at lovgivinga på dette området støttar opp om målsetjinga om å bevare dei autentiske stadnamna, ettersom dei utgjer eit viktig medium for formidling av vår immaterielle kulturarv. Samtidig er det også viktig at lovgivinga inneheld retningslinjer når det gjeld offentleg bruk av slike namn.

Tospråklege namn

Etter kongeleg resolusjon fekk Finnmark fylke frå 1. januar 2003 eit tospråkleg namn: "Finnmark Finnmarkku" (på h. norsk og samisk). I offentleg administrasjon og offisiell samanheng skal begge språkversjonar nyttast, for eksempel i offisielle logoar, vegskilting, m.m. I offisiell skriftleg eller munnleg kommunikasjon skal den norske namneforma nyttast når norsk språk blir brukt. Tilsvarende skal den samiske namneforma nyttast i samanhengar der samisk tale- og skriftspråk blir brukt. Formålet med endringa er å vinne aksept for og oppmuntre til meir bruk av det samiske språket.

Ei tilsvarende ordning med bruk av tospråkleg namn på Troms fylke er no til vurdering i Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Med verknad frå 1. januar 2005, har styresmaktene vedteke mindre endringar i dei tospråklege kommunenamna Deatnu-Tana, Gáivuotna-Kåfjord, Guovdageaidnu-Kautokeino, Kárášjohka-Karasjok og Unjárga-Nesseby. Endringane består i at

bindestreken er fjerna og dei samiske og norske namneformene i kommunenamna no er side- og likestilte.

I offentleg skriftleg og munnleg kommunikasjon skal den norske namneforma nyttast der norsk språk til vanleg blir brukt, mens den samiske namneforma skal nyttast der samisk språk blir brukt. I offentleg administrasjonssamanheng og i samanhengar der kommunen står som ei administrativ eining, som eksempelvis i eventuelle nye offisielle logoar, på kommunen sitt brevpapir, ved offentleg vegskilting, osv., pliktar styresmaktene etter endringane å ta i bruk begge namneformer. I formular, register og kart skal begge namneformer nyttast. Når det gjeld rekkjefølgja av namna skal noverande ordning vidareførast, slik at den samiske namneforma kjem først i dei kommunane som ligg innanfor det samiske forvaltningsområdet.

Frå 1. januar 2004 fekk Porsanger kommune eit trespråkleg kommunenamn (norsk, samisk og kvensk/finsk). Dei tre namneformene er likestilte og skal nyttast i samsvar med det språk som blir brukt. Ein viser dessutan til omtale ovanfor vedrørande bruken av tospråklege kommunenamn.

1.3. Artikkel 7, punkt 1 underpunkt d, Media

NRK sitt distriktskontor i Troms har kvar veke ei 12-minutter lang radiosending på kvensk. Sendinga inneheld hovudsakleg nyheiter, omtale av kulturhendingar og intervju.

Den kvenskspråklege avisa Ruijan Kaiku blei starta i 1995, og har sidan starten motteke statlege tilskot. Frå 2004 auka støtta til avisa med NOK 250 000 til i alt NOK 600 000.

I 2003 gav Kommunal- og regionaldepartementet eit tilskot på NOK 200 000 til eit innstikk på lulesamisk i lokalavisa NordSalten Blad.

1.4 Artikkel 7, punkt 1 underpunkt f, g, h Utdanning

Rom

Norske skolemyndigheiter meiner at samarbeid med kompetente representantar frå minoritetsgruppene er ein viktig føresetnad for å kunne lukkast i arbeidet med å innføre nye tiltak til støtte for dei respektive minoritetsgruppene. Både rom og romanifolket har tradisjonelt levd i utkanten av storsamfunnet, avsondra og isolerte frå majoritetsbefolkninga. Mens det å reise er eit særtrekk ved kulturen deira, er skolen først og fremst ein institusjon som er tilpassa folk med fast bustad. Synet på kva som er

viktig kunnskap vil følgeleg kunne variere tilsvarande mellom dei reisande/taterar og dei fastbuande.

På denne bakgrunn har regjeringa konsentrert innsatsen om å skape kontakt mellom skolemyndigheitene og sigøynarane. I Oslo har ein grunnskole og ein ungdomsskole delteke i eit Comenius-prosjekt¹¹, og på denne måten fått informasjon og kunnskap som kan setje desse skolane i stand til å utvikle eit godt samarbeid mellom skolesystemet på den eine sida og sigøynarforeldra og barna deira på den andre. Mange år etter at prosjektet blei avslutta, føretrekkjer framleis sigøynarforeldre desse skolane framfor andre Oslo-skolar. Dei lokale skolemyndigheitene har gitt uttrykk for at denne innsatsen har gitt godt utbytte. Det er for tida ein debatt i norske aviser vedrørande skolegangen til sigøynarbarna.

Når det gjeld utdanning av lærarar er det for tida eit arbeid på gang for å sikre at dei ovanfor omtalte Oslo-skolane inkluderer lærarane i prosessen med å tilpasse skolane til dei behov som dei romanestalande barna og foreldra deira har. Så langt styresmaktene kjenner til, er det i Noreg ingen akademikarar som i har spesiell kompetanse i språka romani eller romanes.

Romanifolket

Samanlikna med rom (sigøynarar) har situasjonen for romanifolket (reisande/taterar) betra seg vesentleg. Ein av romaniorganisasjonane i Noreg har oppretta ei arbeidsgruppe for å synleggjere kulturen deira i det norske samfunnet. Arbeidsgruppa har gitt *Dronning Mauds Minne - Høgskole for førskolelærerutdanning* i oppgåve å utføre eit todelt oppdrag med å lage ei utgreiing for å få betre oversikt over dei spesielle behova som romanitalande barn har i barnehagar og grunnskolar, samt å utarbeide ein tiltaksplan med omsyn til korleis ein best kan møte desse behova. I 2004 fekk *Dronning Mauds Minne - Høgskole for førskolelærerutdanning* økonomisk støtte til dette prosjektet frå tre departement slik at det kan fortsetje i tre nye år. Det er å håpe at dette arbeidet kan vere eit viktig steg i retning av å betre situasjonen for romanibarn i barnehage og grunnskole.

Barne og likestillingsdepartementet gir støtte til eit prosjekt ved *Dronning Mauds Minne - Høgskole for førskolelærerutdanning* som tek sikte på å gi barnehagar og skolar betre kunnskap om romanifolket.

Lulesamisk språk

¹¹ EU-program om europeisk samarbeid innan skole og utdanning.

I det lulesamisktalende området har *Árran lulesamiske senter* utvikla eit tilbod med fjernundervisning i lulesamisk språk frå grunnskole- til høgskolenivå. Denne tenesta er driven på kommersiell basis. I kommunane Tysfjord og Hamarøy blir det undervist i samisk både på grunnskolenivå og på vidaregåande trinn.

Sørsamisk språk

I 1996 la ei arbeidsgruppe som var oppnemnt av regjeringa, fram ein rapport om sørsamisk utdanning. Ei av tilrådingane var å etablere ei teneste med fjernundervisning i samisk språk i tillegg til eller til erstatning for dei to eksisterande internatskolane i det sørsamiske forvaltningsområdet. I januar 2005 blei prosjektet gjort om til eit permanent tilbod. Dei to sørsamiske internatskolane vil fortsetje sine noverande aktivitetar inntil vidare avklaring. I den sørlegaste delen av det sørsamiske språkområdet er samisk språkundervisning godt etablert.

Finskundervisninga i norske skolar

Elevar med finsk bakgrunn som går i grunnskole eller ungdomsskole i Troms og Finnmark har rett til undervisning på finsk når dette er eit krav frå minst tre av elevane.

Etter nokre år med forsøksundervisning blei finsk språk inkludert i læreplanen frå 1997, etter krav frå Norske Kveners Forbund. Vedtak om endringar i opplæringslova innebar at ein i 1999 fekk lovfesta rett til undervisning. Dei nasjonale skolemyndigheitene har oppretta ei spesiell finansieringsordning for undervisning i finsk. Talet på elevar som får finskundervisning har auka frå 45 elevar i 1994 til over 1 100 elevar i 2004.

Høgskolar og universitet

Universitetet i Tromsø tilbyr undervisning i finsk og samisk opp til doktorgradsnivå (tilsvarande PhD). Kvensk språk er valfritt på høgre undervisningsnivå i finsk. På lågare studienivå tilbys eit 30-vekttals/ECTS¹² - studium i kvensk språk. Påmelding til dette studiet er mogeleg utan at ein treng å fylle dei same formelle kvalifikasjonane som elles gjeld for inntak til høgre utdanning. Ved opptak til denne studieretninga gis det prioritet til søkjarar med kvensk bakgrunn. På Høgskolen i Finnmark gis tilbod om eit 60-vekttals studium i finsk. Ved Den samiske høgskolen gis tilbod om eit 30-vekttals studium i finsk, som kan veljast i staden for norsk som obligatorisk språk i

¹² Europeisk Credit Transfer System

lærerutdanninga. Universitetet i Trondheim har forskingsprogram vedrørende romanifolket sin kultur.

Artikkel 7, punkt 3

Kommunal- og regionaldepartementet finansierer eit pilotprosjekt som har som målsetjing å få samiske ungdommar til å besøkje vidaregåande skolar over heile landet for å møte andre norske ungdommar og formidle kunnskap om samisk kultur.¹³

Det å kunne vere eit multikulturelt og interkulturelt samfunn har positiv verdi for Noreg. Skolen har ein viktig rolle å spele når det gjeld å vidareformidle kunnskap om urfolk og å fremme kulturell forståing og toleranse i eit multikulturelt samfunn.

¹³ Samiske vegvisarar

Del III

1. Artikkel 8 Utdanning

Ein samisktalande student, som definert i kapittel 6 i opplæringslova, som følgjer undervisninga i ein grunnskole eller vidaregåande skole der lærarane ikkje kan gi undervisning på samisk, har, om han eller ho så ønskjer, rett til og mogelegheit til å få opplæring på samisk ved hjelp av fjernundervisning. I tillegg har enkeltståande elevar innanfor det samiske forvaltningsområdet, så vel som grupper av studentar i ikkje-samiske områder, som nærare omtalt i opplæringslova, rett til å få undervisning i og på samisk.

For tida held ein på med ein studie som skal vurdere om eksisterande lovreguleringar også omfattar rett til opplæring i og på samisk for vaksne. Dersom dette ikkje synes å vere tilfelle, vil rapporten trekkje opp eit forslag til nødvendige endringar på dette punkt, samt komme med framlegg til finansiering for eit opplæringsprogram for vaksne.

Undervisning i samisk språk, samfunnsliv og kultur er obligatorisk i norsk grunnskole og vidaregåande undervisning. Eit utkast til ny læreplan blei utarbeidd i løpet av 2004 og 2005. Som resultat av innspel i førebuingssprosessen er kunnskap om dei tradisjonelle minoritetsgruppene i Noreg når det gjeld språk, kultur og samfunnsliv no blitt inkludert i den nye læreplanen, og utgjer ein viktig del av denne (art. 8,1, g).

Sidan 1996 har Kommunal- og regionaldepartementet gitt spesielle løyvingar til kommunar der tospråkleg samisk-norsk undervisning medfører tilleggskostnader i grunnskolen.

Kommunal- og regionaldepartementet har for 2004 gitt ei løyving på NOK 1 000 000 til Noregs Forskingsråd sitt samiske program for å styrkje samisk som hovudoriginalspråk i samisk forskning. Det blir vidare vist til omtale i Noregs andre rapport til Europarådet, del III, punkta 1 til 1. 3.

2. Artikkel 9 Domstolane

2.1 Samisk juridisk terminologi

Justis- og politidepartementet og Tana kommune har etablert eit felles prosjekt for å utvikle samisk juridisk terminologi. Både Justis- og politidepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet deltek i finansieringa av dette prosjektet. Prosjektet vil prioritere å utvikle terminologi som er relatert til eksempelvis strafferettslege og sivilrettslige prosedyrar. Etter planen skal prosjektet vere avslutta i august 2005.

2.2 Artikkel 9, punkt 3 Omsetjing

Noregs andre rapport til Europarådet inneheld ei oversikt over dei lover og forskrifter som allereie fins i samisk versjon. Nedanfor følgjer ei oversikt over enkelte lover og forskrifter som no er under omsetjing, eller som ein tek sikte på å omsetje til samisk.

a) Akvakultur er ei viktig næring langs kysten av Noreg. Hittil har likevel ingen lover og forskrifter som gjeld dette området blitt omsett til samisk. (Det vil i praksis seie fiskeoppdrettslova av 1985, samt underordna forskrifter og administrative vedtak basert på denne lova).

Departementet er for tida i gang med å utarbeide eit forslag til lovendring når det gjeld forskriftene til fiskeoppdrettslova. Dette vil bli lagt fram for Stortinget i løpet av første halvår i 2005. Etter tidsplanen skal den nye fiskeoppdrettslova tre i kraft frå 1. januar 2006. Den vil vere klar for omsetjing straks den er vedteken i Stortinget i løpet av vårsesjonen 2005. Fiskeri- og kystdepartementet vil dessutan vurdere vidare behov når det gjeld omsetjing av forskrifter og administrative vedtak til samisk.

b) Lov om pasientrettar blei omsett til samisk i 2004, inkludert dei to viktige forskriftene vedrørande pasientjournalar og behandlingsprioritering. Omsetjing av fleire lover vil komme dei neste åra.

c) Justis- og politidepartementet har nyleg fått omsett forvaltningslova og offentlegheitslova (lov om innsyn og informasjonsfridom) til samisk.

d) Regjeringa har fatta vedtak om at departementa skal gjennomgå deira respektive lover og forskrifter med tanke på å avdekkje vidare omsetjingsbehov. Etter tidsplanen skal alle departementa leggje fram ei oversikt over omsetjingsbehovet som skal oversendast til Kommunal- og regionaldepartementet i løpet av våren 2005. I tillegg har

underliggjande etatar fått oppfordring om å omsetje ei rekkje forskrifter og kunngjeringar.

3. Artikkel 10 Administrative forvaltning og offentlege tenester

3.1 Artikkel 10, punkt 1, underpunkt a

Det samiske forvaltningsområdet

Rapporten «*Utgifter knyttet til tospråklighet i kommune og fylkeskommune*» som blei lagt fram i mai 2002, konkluderte med at det er akutt behov for å auke det økonomiske tilskotet som skal dekkje dei tilleggsutgiftene som følgjer av tospråkleg administrasjon både på lokalt og regionalt nivå. På denne bakgrunn er løyvinga til tospråklegheitsarbeidet i kommunane auka med 12 millionar NOK. Dette er i tråd med tilrådingane i rapporten.

AETAT¹⁴

Dei to hovudmålsetjingane for AETAT er å hjelpe arbeidssøkjande med å finne arbeid og å dempe dei uheldige verknadane av arbeidsløyse. Desse behova blir ivaretekne ved at ein sørgjer for at arbeidssøklarar får informasjon om arbeidsmarknaden og rettleiing med omsyn til korleis dei kan gå fram for å søkje arbeid. Samtidig gis det informasjon om yrkesopplæring og utdanningsalternativ.

AETAT sitt tilbud til arbeidssøklarar er skreddarsydd for å ivareta individuelle behov. Ved første møte med AETAT får arbeidssøklarane informasjon om kva rettar og plikter dei har i forhold til AETAT. Dei blir oppmuntra til sjølve å leite etter ledige stillingar så aktivt som mogeleg på nettstaden www.nav.no¹⁵ eller andre stadar. Dei som har vanskar med å finne arbeid, eller er usikre på kva alternative val dei har, kan be om rådgeving.

Samisk språk blir i ei viss utstrekning talt eller skrive i dei fleste delar av fylka Troms og Finnmark, spesielt i følgjande områder: Karasjok, Kautokeino, Tana, Nesseby og Porsanger.

¹⁴ Denne tenesta er i dag ein del av NAV. O.a.

¹⁵ Oppdatering av den tidlegare nettstaden www.aetat.no. O.a.

For å sikre at den samisktalande befolkninga kan få utført sine ærend og gjeremål enten munnleg eller skriftleg på sitt eige språk, har AETAT tilsett fleire samisktalande personar ved dei lokale arbeidskontora i desse to fylka.

AETAT har også fått trykt opp brosjyren PB-0144 "*Informasjon til arbeidssøkjande*" i samisk versjon.

I løpet av siste halvår i 2005 vil AETAT også ta i bruk den samiske versjonen av det nye arbeidssøknadsskjemaet som no er under omsetjing til samisk.

Politietaten

Innanfor det samiske forvaltningsområdet kan Politietaten gi svar på samisk i dei situasjonar der dette er nødvendig for å kunne utføre politipliktene på ein tilfredsstillande måte. Det er samisktalande blant dei tilsette i alle dei lokale politidistrikta i dette området. Justis- og politidepartementet og Politidirektoratet sørgjer årleg for tilleggsføringar for å finansiere opplæring i samisk for dei tilsette som arbeider innanfor det samiske forvaltningsområdet. Samisktalande søkjarar blir prioritert ved opptak til Politihøgskolen. Politihøgskolen i Bodø tek årleg opp 2 - 4 samisktalande studentar.

Det blir gitt tilbod om omsetjing av saksdokument og tolketenester i samsvar med spesielle behov i kvar enkelt sak.

Kystverket

Kystverket har sjeldan direkte kontakt med dei gruppene som snakkar regionale språk eller minoritetsspråk. Tolketenester er tilgjengelege når dette måtte vere nødvendig. Dersom etaten får eit brev skrive på eit minoritetsspråk vil ein så langt råd er leggje vinn på å svare på same språk.

Trygdeetaten

Vanlegvis vil ein person som tek kontakt med trygdeetaten på samisk, også få svar på samisk. Rikstrygdeverket har hittil ikkje vore i stand til å løyse dei praktiske problema med å integrere samisk teiknsetjing i sine dataprogram. Dette er ei utfordring av informasjons- og kommunikasjonsteknologisk karakter.

Fiskeridirektoratet

Munnlege eller skriftlege spørsmål og søknader blir vanlegvis ikkje retta til dei regionale fiskerikontora. Det regionale fiskerikontoret i Finnmark fylke rapporterer at fylkesmannens kontor kan ordne tospråkleg bistand når ein har behov for det. Svar på munnlege spørsmål kan dessutan også gis på finsk.

Statistisk Sentralbyrå (SSB)

Statistisk Sentralbyrå bruker dei samiske namna på kommunar med større samiske befolkningsgrupper. I samband med den landsomfattande folketeljinga i 2001 blei det utarbeidd ei brosjyre og eit informasjonshefte på samisk.

3.2 Artikkel 10, punkt 1, underpunkt b og c

Som nemnt i Noregs andre rapport er dei mest sentrale skjema frå trygdeetaten tilgjengelege i samisk versjon. I tillegg har trygdeetaten også trykt opp ein basisbrosjyre med faktainformasjon om trygdeordninga¹⁶ som har blitt omsett til samisk. Det er følgjeleg dekning for å oppretthalde rapporteringsteksten frå Noregs andre rapport, ettersom denne framleis gir ei relevant beskriving av dagens situasjon.

I 2004 offentleggjorde Barne- og familiedepartementet og Sametinget eit felles informasjonshefte med oversikt over aktivitetar og tenester retta mot samiske barn og ungdommar. Dette heftet inneheld også referansar til andre kjelder der ein kan finne meir informasjon om lovgiving, rettshøve og tenester i forhold til område som utdanning, helse, kultur, finansiering, internasjonalt samarbeid, etc. Målet er å gjere alle kommunar meir merksame på dei rettar og behov samiske barn og ungdommar har, samt lette tilgangen til informasjon og gjere relevant informasjon tilgjengeleg for barn, ungdommar og foreldra deira.

I 2004 finansierte Sosial- og helsedirektoratet ei utgreiing med tanke på å opprette ein studiemodul i samisk tolking spesielt retta mot tenestene i helse- og sosialsektoren. Denne modulen vil byggje vidare på ei eittårig grunnutdanning i tolking i samisk ved den Samiske Høgskolen, og blir venteleg eit valalternativ i nærmaste framtid.

Sosial- og helsedirektoratet produserer ei betydeleg mengde generell informasjon og informasjonskampanjar om sine tenester innanfor helse- og sosialsektoren. Talet på dokument som blir omsett til samisk er aukande, spesielt med omsyn til

¹⁶ "Fakta om trygd"

folkehelse spørsmål (som for eksempel kampanjen mot røyking). I tillegg har eit kartleggingsskjema til bruk innanfor offentlege sosialtenester blitt omsett til samisk.

Nordland fylke driftar ei internettbasert informasjonsteneste for ungdom som gir rettleiing om helse og seksualitet. Det no mogeleg å komme med skriftlege spørsmål på samisk og få svar på same språk. Sametinget er for tida i ferd med å vurdere korleis ei generell samisk informasjonsteneste for denne sektoren skal kunne gjennomførast så effektivt som mogeleg. Sosial- og helsedirektoratet vil gi økonomisk støtte til dette arbeidet.

Skjema for sjølvmelding og rettleiingshefta for næringsdrivande og private skattebetalarar har vore tilgjengelege på samisk sidan inntektsåret 2002. Dette gjeld også ferdigutfylte sjølvmeldingsskjema.

I tillegg er også vedlegga til sjølvmeldingsskjema for næringsdrivande tilgjengelege i samisk versjon. Skattebetalarar som sender inn sjølvmeldinga på samisk vil etter regelen alltid få tilbakemelding på samisk. Skjema for fødselsattestar og adresseendring er også tilgjengelege i samisk versjon.

I 2003 lanserte Kommunal- og regionaldepartementet samiskspråklege internettsider på ODIN, som er regjeringa sin nettportal for offentleg informasjon¹⁷. Den generelle målsetjinga er at informasjon frå departementa og Statsministerens kontor skal vere tilgjengeleg på samisk på ODIN ved utløpet av juni 2005.

3.3 Artikkel 10, punkt 2, underpunkt a and b

Rett til svar på samisk.

Ein person som tek kontakt med ein offentleg etat lokalt innanfor det samiske forvaltningsområdet har etter forskriftene rett til å få svar på samisk. Dette gjeld likevel ikkje ved munnlege spørsmål til offentlege tenestepersonar som utfører oppdrag utanfor kontorlokala til vedkommande etat.

I følge distriktssjefen ved Kriminalomsorga sitt regionskontor i Finnmark har det førebels ikkje komme inn søknader eller funne stad andre former for kommunikasjon på samisk. Ingen klientar har så langt etterspurt tenester frå samisktalande tilsette.

Fengselsinstitusjonar i Troms og Finnmark har plikt til å rette seg etter følgjande

¹⁷ Denne nettstaden har endra namn til www.regjeringen.no. O.a.

retningslinjer når det gjeld bruken av samisk: Innsette i fengsel skal kunne snakke samisk med kvarandre og med slektningar som kjem på besøk. Innsette i fengsel skal også kunne snakke samisk ved munnlege beskjedar og når dei søker rettsmiddel hos fengselsleiinga.

Samelova § 3-4 har prioritet i forhold til straffelova.

I denne samanheng blir det referert til ein rapport tinga av Sametinget vedrørande bruken av samisk språk.¹⁸ Formålet med denne utgreiinga var å gi ei detaljert framstilling av korleis dei ulike institusjonane bruker samisk språk innan eit geografisk område med samisktalande befolkning som ligg utanfor det samiske forvaltningsområdet, jf. vedlegg 1. Denne oversikten viser at 90 % av dei institusjonane som har svart på spørsmåla, stadfestar at dei også står til teneste for den samiske befolkninga. Svara viser likevel at tenesta berre blir utført på samisk dersom den samiske brukaren spesifikt ber om dette. Erfaringane syner at det er låg etterspørsel etter tenester som ikkje er gjort visuelt synlege eller på annan måte gjort kjende for publikum.

Når det gjeld situasjonen innanfor det samiske forvaltningsområdet viser ein til det som står i Noregs tidlegare rapport til Rådet, samt til rapporten om tospråklege offentlege tenester som er utgitt av Norsk Institutt for by- og regionsforskning¹⁹ (jf. Noregs andre periodiske rapport til Rådet i mars 2002, punkt 3, 4, side 21).

3.4 Artikkel 10, punkt 2, underpunkt c og d

Her viser ein til omtale i Noregs andre periodiske rapport til Rådet av mars 2002, punkt 3. 5, side 22.

3.5 Artikkel 10, punkt 2, underpunkt e and f

Her viser ein til omtale i Noregs andre periodiske rapport til Rådet av mars 2002, punkt 3. 6, side 22.

3.6. Artikkel 10, punkt 3, underpunkt b

¹⁸ "Bruken av samisk språk", 2004

¹⁹ Norsk Institutt for by- og regionsforskning (NIBR) Rapport 2001:17 "Tospråklig tjenesteyting"

Ei rekkje standardbrev og skjema frå Kriminalomsorga i Noreg er standardmalar som er datagenererte. Desse dokumenta finst i dei to norske målformene, men ikkje i samisk versjon. Etterspørselen etter slike standardmalar på samisk er vurdert som altfor låg til å kunne forsvare utviklingskostnadane, ettersom dei nødvendige breva blir skrivne individuelt. Dersom etterspørselen aukar, vil spørsmålet om å utvikle standardbrev og skjema på samisk bli teke opp til ny vurdering. Innviinga av ein samisk domstol i Tana kommune i 2004 har gjort det nødvendig å omsetje ei rekkje lover og direktiv. Mest sannsynleg vil det også bli nødvendig å omsetje ein del dokument med relevans for Kriminalomsorga.

Fengslet i Tromsø har for tida ein samisktalande fengselsbetjent. Fengselet i Vadsø har fleire samisktalande fengselsbetjentar²⁰. Den lokale avdelinga til kriminalomsorga i Karasjok har tilsett ein samisktalande sekretær som kan utføre omsetjing og tolketenester når dette måtte vere ønskjeleg.

3.7 Artikkel 10, punkt 4 underpunkt a

Kriminalomsorga sitt utdanningssenter for fengselsbetjentar har instruks om å prioritere samisktalande søkjarar til utdanninga, under føresetnad av at dei elles fyller vilkåra i opptakskrava. I 2004 var det tre samisktalande søkjarar, ein trakk søknaden sin, den andre fylte ikkje dei formelle opptakskrava og berre den tredje blei teken opp.

Opplysningar om etnisk tilknytning og morsmål (førstespråk) blir ikkje registrert i fangejournalar. Det eksisterer ingen planar om å starte med slik registrering ettersom det er eit prinsipp at data om etnisk opphav ikkje skal registrerast, berre statsborgarskap. Det er derfor ikkje mogeleg å rekne seg fram til det eksakte talet på samisktalande personar som er innom kriminalomsorga.

3.8 Artikkel 10 punkt 5

Namnelova

Den nye namnelova trådde i kraft 1. januar 2003. Etter dei nye lovvedtaka er det no alminneleg tilgang til å ta beskytta etternamn dersom dette har vore eit av tippoldeforeldras etternamn, dvs. når det har tilhøyrd forfedrar i rett oppstigande linje i

²⁰ Informasjon om det eksakte talet manglar på rapporteringstidspunktet

fire generasjonar bakover og ikkje er tileigna gjennom tidlegare giftemål. Bakgrunnen for denne spesielle ordninga er bl.a. at samar og andre minoritetsspråkgrupper opplevde å bli utsette for ein fornorskingspolitikk som mellom anna førte til at deira opphavlege slektsnamn gjekk ut av bruk. Vidare skreiv Justisdepartementet følgjande i Ot.prp. nr. 31 (2001-2002) Om lov om personnamn (namnelova), om det å ta tilbake namn frå generasjonar lenger tilbake i tid enn tippoldeforeldras:

Dersom nokon ønskjer eit etternamn som har gått ut av bruk i tidlegare ledd, er det departementet sitt syn at det bør vurderast etter den skjønsmessige regelen i lovutkastet § 4 første ledd nr. 9 om vedkommande kan ta namnet. Dersom det er sannsynleg at fornorskingspolitikken var medverkande til at eit namn ikkje blei ført vidare i slekta til den det gjeld, bør vedkommande gis høve til å gå tilbake til eldre generasjonar enn tippoldeforeldre for å kunne ta eit etternamn tilbake i bruk. Eit moment i vurderinga av om det er sannsynleg at fornorskingspolitikk har vore medverkande til at namnet gjekk ut av bruk, er tradisjonen for at barn har fått faren sitt slektsnamn eller såkalla patronym etter faren som etternamn. Denne tradisjonen er uavhengig av og eldre enn den svakare tradisjonen for at kvinner har teke mannen sitt slektsnamn ved inngåing av ekteskap. Departementet deler Sametingets syn om at det må visast romslegheit når det gjeld krava til dokumentasjon på at slektningar i rett oppstigande linje har hatt namnet.

Justis- og politidepartementet har ansvaret for iverksetjinga av Namnelova. Forskriftene i denne lova gir juridisk heimel for bruk av etternamn på regionale språk og minoritetsspråk.

Når det gjeld dei krava som følgjer av Artikkel 10, punkt 5, vedrørande oppføring av samiske familie-/etternamn i folkeregistra, gjenstår det framleis å finne løysingar på utfordringar av informasjons – og kommunikasjonsteknologisk karakter.

Samisk teiknsetjing og informasjonsteknologi

Det blir vist til merknad frå ekspertkomiteen der norske styresmakter blir oppfordra til å løyse problema med å registrere samiske namn og teiknsette bokstavar i offentlege register. Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet har eit nært samarbeid med Sametinget for å sikre at samisk språk kan brukast i datasamanheng. Som ein del av iverksetjinga av pakta har regjeringa bestemt at statlege etatar skal vurdere kva behov for støtte som eventuelt er nødvendig for at dei skal kunne bruke samisk språk. Ved oppgradering av programvarer og dataplattformar skal etatane leggje til rette for bruk av samisk språk.

For å gjere det enklare for offentlege verksemdar å ta i bruk samisk teiknsetjing, har Kommunal- og regionaldepartementet etablert ein kompetansebase med ekspertar på

samisk språk og informasjonsteknologi. Offentlege verksemdar kan rådføre seg med kompetansebasen når det gjeld spørsmål om støtte. Kompetansebasen driftar nettstaden (www.samit.no), der ein finn generell informasjon, referansar til lover og forskrifter, teknisk informasjon i samband med innføring og bruk av samisk, så vel som annan relevant informasjon som gjeld samisk språk.

Noreg, Sverige og Finland støtter i fellesskap eit opplegg for datastandardisering når det gjeld samisk språk. Dei ulike problemstillingane skal samordnast av ei arbeidsgruppe som er etablert under den Nordiske embetsmannskomiteén for samiske spørsmål. Sametingspresidentane og dei ministrane som har ansvar for samiskrelaterte saksområde i Finland, Noreg og Sverige, har gått saman om å oppfordre dataindustrien om å utvikle støtte for samisk språk i sine produkt snarast mogeleg. Som resultat av dette initiativet har Microsoft frå hausten 2004 gitt full støtte for samiske teiknsetjing i operativsystemet Windows XP.

Trygdeetaten har foreløpig ikkje løyst dei praktiske vanskanane med å integrere samisk teiknsetjing i sin dataprogramvare, noko som representerer ei utfordring av informasjons – og kommunikasjonsteknologisk karakter.

4. Artikkel 11 Media

4.1 Artikkel 11, punkt 1, underpunkt a, iii

Norsk Rikskringkasting - NRK – er ei statseigd offentlig kringkastingsteneste, som er lisensfinansiert. Med ni radiokanalar og to fjernsynskanalar er det Noregs største kringkastingsinstitusjon. NRK Samisk Radio, som er organisert som ei spesiell eining, produserer program retta mot den samiske befolkninga.

I 2003 hadde NRK Samisk Radio ei sendetid på til saman 1727 radiotimar, inkludert 1 000 timer reprisesendingar. I tillegg har Samisk Radio no også sendingar over det digitale radionettet (DAB).

Som eigar av Norsk Rikskringkasting og i kapasitet av generalforsamling, vedtok kultur- og kyrkjeministeren i juni 2004 nye vedtekter for NRK. I følgje vedtektene skal NRKs kjerneaktivitet vere å produsere program som er av interesse for eit fleirtal i befolkninga, og samtidig ivareta interessene til minoritetsgrupper og andre spesielle interessegrupper. I tillegg skal NRK "legge særleg vekt på sin rolle som utvikler og formidler av norsk og samisk kunst og kultur."

Vedtektene inneheld også meir spesifikke krav til programma, i det dei slår fast at Norsk Rikskringkasting si nasjonale oppgåve skal vere å tilby eit vidt spekter av program i radio og fjernsyn, inkludert mellom anna daglege sendingar for den samiske befolkninga, samt program for nasjonale og språklege minoritetar.

Lisensvilkåra til dei kommersielle norske offentlege kringkastingstenestene, TV 2 (fjernsyn), Kanal 24 (radio) og P4 (radio), inneheld kravspesifikasjonar til programma. Langsiktige sendeplanar må innehalde eit vidt spekter av program som er eigna for både større og mindre sjåargrupper, her også inkludert den samiske befolkninga og andre minoritetsgrupper. Meir spesielt stiller lisenskrava for TV2 krav om særskilte program eller programinnslag som er spesielt retta mot den samiske befolkninga og etniske minoritetsgrupper. Lisensvilkåra for P4 stiller krav om minimum to daglege nyheitsendingar på samisk. Dessutan stiller lisensvilkåra for Kanal 24 krav om daglege nyheitsendingar på samisk i tillegg til daglege innslag på norsk med analyse eller kommentarstoff vedrørande samiske forhold.

4.2 Artikkel 11, punkt 1, underpunkt b, i

Statens Medietilsyn vurderer søknader om kringkastingslisensar for lokalradio og lokalfjernsyn. I perioden 2002 – 2006 gav Medietilsynet lisensløyve til omtrent 300 lokale radiostasjonar som var drivne av kommersielle selskap, religiøse organisasjonar, politiske parti, etniske og språklege minoritetsgrupper, utdanningsinstitusjonar og ei rekkje ikkje-kommersielle organisasjonar. Ikkje meir enn fire sendingar blei kringkasta berre på samisk språk. I 2003 produserte 29 lokale radiokringkastingstenester program på eit minoritetsspråk. Desse kringkastingstenestene produserte omtrent 10 500 timar med lokale radioprogram på 21 ulike minoritetsspråk i 2003.

4.3 Artikkel 11, punkt 1, underpunkt c, ii

I 2003 produserte NRK Samisk Radio til saman totalt 65 timar fjernsynssendingar (reprisesendingar er ikkje inkludert). NRK Samisk Rádío har i samarbeid med finsk YLE og svenske SR, utvikla ei dagleg felles radiokringkastingsteneste og ein felles nettstad. Frå august 2001 blei den felles kringkastingstenesta utvida til også å omfatte daglege nyheitssendingar på samisk i fjernsyn. Fjernsynssendingane er teksta på norsk slik at også ikkje-samisktalande kan få nyheiter og informasjon om samisk samfunnsliv. Sidan november 2003 har dette samarbeidet også omfatta den nyleg oppretta Kola Samisk Radio i Russland.

For å betre dekninga når det gjeld urfolkrelaterte spørsmål oppretta NRK Samisk Radio i 2003 eit redaksjonskontor som skal arbeide spesielt med dette feltet, særleg i forhold til fjernsyn. Kontoret har produsert nyheitsinnslag og har arbeidd med saker som er relaterte til utdanning og etablering av eit journalistnettverk.

I følgje den årlege rapporten frå den offentlege kommersielle kringkastingstenesta TV2, har kanalen i 2003 sendt omtrent 30 nyheitsinnslag om samiskrelaterte spørsmål i sine nyheitssendingar. I tillegg blei åtte sendingar tilrettelagde på samisk språk, inkludert tre reprisesendingar. Dei resterande programma omfatta fire dokumentarprogram og eit fjernsynsprogram om religiøse trusspørsmål.

4.4 Artikkel 11, punkt 1, underpunkt e, i

Ei ordning med statsstøtte til samiske aviser kom i stand i 1978. I 2004 var denne statsstøtta på totalt NOK 11,6 mill.

I samsvar med gjeldande lover og forskrifter gis det støtte til aviser som rettar seg mot den samiske befolkninga i Noreg. Omfanget av statsstøtta er basert på årleg opplag, samt talet på publiserte sider. Det gis ulik grad av støtte til sider som er produsert på norsk og samisk, ettersom ein tek omsyn til dei ekstra kostnadane som følgjer av trykking på samisk. Statens medieforvaltning, som er eit offentleg tilsyn under Kultur- og kyrkjedepartementet, har fått ansvaret for forvaltninga av statsstøtteordninga.

I 2004 blei det gitt støtte til tre aviser: dei samiskspråklege avisene *Min Aigi* og *Assu*, samt til den norskspråklege avisa *Sáogat*. I tillegg fekk det religiøse tidsskriftet *Nuorttanaste* eit beløp på omtrent NOK 250 000.

4.5 Artikkel 11, punkt 1, underpunkt f, ii

Nordnorsk filmsenter AS er ein regional institusjon som gir støtte til utvikling og produksjon av kortfilmar og videoar i Nord-Noreg. For at sentret skal kunne kvalifisere til statsstøtte har Kultur- og kyrkjedepartementet stilt krav om at det årleg må gis støtte til produksjon av minimum ein samisk film.

4.6 Artikkel 11, punkt 2

I samsvar med dei forplikingar som følgjer av EØS-avtalen, har Noreg gjennomført EU-direktivet om fjernsyn utan grenser og EU-direktivet om standardisering av

fjernsynsverksemd. Noreg er også medlem av Den europeiske konvensjonen for fjernsyn over landegrensene.

Stortinget vedtok den 30. september 2004 ein ny grunnlovsparagraf, § 100, som har som formål å verne yrtings- og informasjonsfridom. Denne lovparagrafen slår fast at all innskrenking av den frie tale må kunne forsvarast i forhold til dei bakanforliggjande motiva for at ein har yrtingsfridom, dvs. den dialektiske søken etter sanning, ei uhindra meiningsutveksling vedrørande spørsmål av offentleg interesse som er grunnleggjande i eit demokrati, samt enkeltpersonars fridom til å gjere seg opp egne meiningar ved å få og dele med andre informasjon og tankar.

5. Artikkel 12

Kulturaktivitetar og tilskotsordningar

Litteratur

Sidan midten av 1970-talet har det vore ein årleg auke i talet bøker som er utgitt på samisk. Desse dekkjer eit breitt spekter frå tekstbøker til romanar og poesi, og bøker for både vaksne og barn. Då Sametinget blei oppretta i 1992, i tilknytning til eit samisk kulturråd, blei oppgåva med å støtte utgiving av samisk litteratur overført frå Kulturrådet til det nye tinget. På denne måten oppsto ei deling av ansvarsområde mellom Norsk Kulturråd og Samisk kulturråd, som var underlagt Sametinget. Mens Samisk kulturråd gir støtte til administrasjon og har ansvar for tilrettelegging, samt eit kontaktnett for å handsame søknader som gjeld fiksjon som skal utgivast på samisk, handsamar Norsk kulturråd omsett litteratur som ein del av den før nemnde statlege innkjøpsordninga. Vanlegvis vil Norsk Kulturråd årleg få inn tre til fire søknader frå samiske forlag som fell innanfor den statlege ordninga når det gjeld bøker for vaksne lesarar, så vel som for barn og unge. Som alle andre bøker som tidlegare kom inn under den statlege innkjøpsordninga, vil også samisk litteratur vere gjenstand for ei litterær kvalitetsvurdering. Kulturrådet kjøper 1 000 eksemplar av kvar bok retta mot vaksne lesarar og 1 550 eksemplar av kvar bok som rettar seg mot barn og unge. Bøkene blir så distribuerte kostnadsfritt til offentlege bibliotek og til skolebibliotek.

Språkarbeid

Dei ministrane som har ansvaret for samiske saker har, saman med sametingspresidentane i dei nordiske landa, oppretta den nordiske prisen Gollegiella for å heidre og synleggjere innsats og arbeid for samisk språk. Prisen skal kunne

tildelast enkeltpersonar, grupper av enkeltpersonar, organisasjonar eller institusjonar i dei landa der samane bur. Prisen blei utdelt første gang hausten 2004.

Kultur- og kyrkjedepartementet, Utdannings- og forskingsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Sametinget løyvde i 2004 til saman NOK 11,3 mill. til arbeidet med å utvikle eit samisk korrekturprogram. Teknologien med rettskrivingskontroll og orddelingsprogram vil venteleg vise seg å bli ein viktig reiskap i arbeidet med å utvikle det samiske språket.

Museum, arkiv og bibliotek.

I tråd med det overordna prinsippet om subsidiaritet har Kultur- og kyrkjedepartementet sidan 2002 overført forvaltninga av dei fleste statlege finansieringsordningane til samiske kulturformål direkte til Sametinget. I følgje subsidiaritetsprinsippet bør det samiske folket ha størst mogeleg innverknad i saker som gjeld samiske forhold. Det er då opp til Sametinget å fordele tilskota ut frå korleis det vedtek å prioritere mellom dei relevante aktivitetane. Desse aktivitetane omfattar Samisk Spesialbibliotek, forvaltninga av dei mobile samiske bibliotekenestene, stipend til samiske kunstnarar, kompensasjon til samiske kunstinstitusjonar for offentleg presentasjon av kunstframsyningar, tenester som er relaterte til forskriftene om samisk språk, administrasjon av forskriftene som er knytte til opphavlege stadnamn, dei samiske samlingane, den samiske musikkfestivalen og det samiske teateret Beaiivas Samisk Teáhter.

Sidan 2005 har Det samiske arkivet vore samorda med det norske Riksarkivet. Formålet med Det samiske arkivet er framleis det same, hovudmålsetjinga er å samle inn og gjere tilgjengeleg informasjon som dokumenterer samisk språk og kultur.

Nasjonalbiblioteket har ansvaret for å samle stoff til ein samisk bibliografi. I tillegg til materialet på samisk skal bibliografien også omfatte stoff på andre språk som gjeld alle områder og tema som er relevante for det samiske folk. Meir informasjon om dette er tilgjengeleg på Nasjonalbiblioteket sine internettsider:

<http://www.nb.no/baser/samisk/>

ABM-u²¹ har også gitt tilskot til ulike andre museum. Følgjande prosjekt med relevans for samiske spørsmål har motteke støtte:

²¹ Arkiv, bibliotek og museumsutvikling.

- Nordland fylkesbibliotek. Skrivebua på samisk - vidareføring av Skrivebua på samisk: eit 3-årig lese-/skriveprosjekt for barn og unge. Utviklingsprosjekt: NOK 187 000.
- Tromsø Museum. Kulturlandskapet som resultat av møte mellom tre stammer i Varanger - eit tverrfagleg forprosjekt med innhenting av data, samt dokumentasjon og formidling. Utviklingsprosjekt: NOK 95 000 - også inkludert kvenene.
- Rørosmuseet. Sørsamisk mangfald. Kulturnettet: NOK 55 000 (2004).
- Ofoten museum. Den markesamiske buplassen. Film/video: NOK 20 000 (2004).
- Varanger Samiske Museum. Forholdet mellom Enare og Varanger i forhistorisk, historisk og moderne tid - dokumentasjon og formidling. Utviklingsprosjekt: NOK 70 000 (2003.)
- Varanger Samiske Museum. Aust og sjøsamisk handverk (samisk "duodji"). Film/video: NOK 120 000 (Norsk Museumsutvikling 2000).
- Samisk kulturråd: eit program for vern og forvaltning av samiske bygg. Utviklingsprosjekt NOK 30 000 (Norsk Museumsutvikling 2000).

Idrett

Den norske regjeringa overfører finansieringsmidler til Sametinget ut frå målsetjinga om å verne og vitalisere språk, kultur og samfunnsstrukturane i den samiske befolkninga. Sametinget fordeler desse tilskota delvis til samiske idrettsorganisasjonar slik at dei kan arrangere ulike typar tilstellingar som idretts- og sportskonkurransar der typiske samiske aktivitetar inngår.

Film

I 2004 gav Norsk Filminstitutt omtrent NOK 200 000 i støtte til ulike samiske filmprosjekt for å finansiere teksting og lydversjonar av filmar og videoar, spesielt med tanke på barn og unge. I tillegg har det blitt gitt økonomisk støtte til filmfestivalen i Kautokeino og til kulturfestivalen Riddu Riddu.

6. Artikkel 13

Økonomi og samfunnsliv

Samiske omsetjingstenester og helsepersonale med gode språkkunnskapar i samisk er til ein viss grad tilgjengelege ved Universitetssjukehuset i Nord-Noreg, samt ved andre sjukehus. Fleire kommunar er i ferd med opplæringstiltak for å forbetre dei tilsette sine kunnskapar om samisk språk og kultur, spesielt gjeld dette personalet som arbeider i pleieheimar og innan heimehjelpetenestene.

Vedlegg

- Nr. 1: Bruken av Samisk språk – Undersøkelse 2004
- Nr. 2: Rapport frå Kenneth Hyltenstam : Kvensk – språk eller dialekt?
- Nr. 3: Merknader frå Norsk Kvenforbund
- Nr. 4: Stortingsmelding nr. 23 (2000-2001), kapittel 11
- Nr. 5: Ot.prp. 36 (2004-2005) Om lov om endringar i lov av 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold.
- Nr. 6: Ot.prp. nr. 42 (2004-2005) Om lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.